

OVERORDNA PRINSIPP FOR STRATEGISK UTVIKLING AV DEN EIGENFINANSIERTE STUDIEPORTEFØLJEN 2023-30

Fastsett i styret 15.06.2023

Høgskulen har fastsett overordna prinsipp for prioritering i utviklinga av studieporteføljen, på kort og lang sikt i inneverande strategiperiode¹. Dette for å møte nye styringssignal og det samla utfordringsbilde for sektoren, og å nå eigne mål for utdanningsområdet og sikre at høgskulen fyller studieplassane i størst mogeleg grad. Vi må gjere krevjande avvegingar av samfunnsbehov, kvalitet og kostnader. Konkret må vi vurdere nye behov for utdanningar og kva utdanningar som skal skalerast opp eller ned for å bidra til å nå prioriteringar og overordna sektormål.

Fem overordna prinsipp peikar på dei områda som er viktigast å vurdere når høgskulen set retning for den strategiske utviklinga av den samla eigenfinansierte studieporteføljen. Kompetansebehov, campus, økonomi, forskning og fleksibilisering. Langs desse fem stolpane skal morgondagens studieportefølje i HVL utviklast vidare.

Dei omsyna som prinsippa bygger på, kan stå i eit motsetnadsforhold til kvarandre. I praktisk bruk må høgskulen gjere ei heilskapleg vurdering av prinsippa.

Prinsippa er merka med bokstav A til E, men dei er ikkje i ei prioritert rekkefølge.

SEFØ-modellen er revidert i tråd med ny verksemdsstrategi og vedtak om overordna prinsipp for utvikling av den eigenfinansierte studieporteføljen. SEFØ-modellen skal frametter nyttast ved vidareføring, nedlegging eller oppretting av nye studietilbod. Høgskulen vurderer dei fire sentrale områda; strategisk betydning, etterspurnad, fagleg berekraft, økonomisk berekraft, med indikatorar til kvart område.

A. Framtidig kompetansebehov i nasjonalt og regionalt arbeidsliv skal ligge til grunn for utvikling av studieporteføljen.

Prinsippet vert vurdert ut frå

- Nasjonale og regionale framskrivingar om kompetansebehov.
- Kompetansebehov avdekka gjennom HVL si forskning, utvikling og innovasjon.

B. Fakulteta skal samarbeide om å utvikle studietilbod på alle campusane uavhengig av om ein i utgangspunktet har aktivitet der.

Prinsippet vert vurdert ut frå:

- I kva grad fakulteta over tid fyller tildelte studieplassar på dei ulike campusane.
- Om det er konkurranse mellom campus ved oppretting av nye studietilbod og endring av eksisterande studietilbod.
- Utvikling i talet på studieprogram som er utarbeidd på tvers av fakultet.

C. Studieporteføljen skal vere økonomisk berekraftig

Prinsippet vert vurdert ut frå til dømes:

- Fakultetas økonomiske resultat.
- Studiepoengproduksjon i forhold til finansierte studieplassar.
- Tal/del studieprogram med få studentar.
- Tal/del emne og studieretningar med få studentar.
- Ressursbruk: Kor stor del av dei internfinansierte årsverka vert nytta til direkte utdanningsaktivitet (inkludert administrasjonstid og fagleg fornying).
- Gjennomføringsgrad.

D. Studieporteføljen skal vere kjenneteikna av studieprogram med tett kopling til aktive forskingsgrupper

Prinsippet vert vurdert ut frå til dømes:

- Samanheng mellom program på ph.d., master og bachelornivå (gjennomgåande utdanningsløp).
- Kopling mellom aktive forskingsgrupper og studieprogram.

E. Studieporteføljen skal auke tal studieprogram og emne som kan bli tilbydd til fleire enn heiltidsstudenten

Prinsippet vert vurdert ut frå:

- Tal studietilbod som er tilgjengeleg for studentar uavhengig av livssituasjon og kor dei bur.

